



ÅL KOMMUNE TEKNISK SEKTOR
Torget 1
3570 Ål

Sakshandsamar::
Tonje Røland Brasetvik, 32 36 68 15

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Sundre avløpsanlegg

Kontrollnummer: 2019.144.I.FMOV

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Svein Furuhaug

Frå Fylkesmannen i Oslo og Viken:
Tonje Røland Brasetvik

Andre deltakare frå verksemda:
Øystein Tårneby
Nils Egil Vedum

Andre deltakare frå Fylkesmannen i Oslo og Viken:
Marte Rosnes

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Sundre avløpsanlegg den 27. juni 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Oslo og Viken avdekka 1 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda hadde manglar i sine styringsdokument

Merknader:

- Ingen tilhøve fekk merknad under inspeksjonen.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, uten underskrift

28. juni 2019

Tonje Røland Brasetvik

Hilde Sundt Skålevåg

dato

kontrollør

seksjonssjef

Fylkesmannen i Oslo og Viken

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: ÅL KOMMUNE TEKNISK SEKTOR	
Organisasjonsnr.: 974639807	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Sundre avløpsanlegg	Anleggsnr.: 0619.0040.01
Kommune: Ål	Fylke: Buskerud
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt: 24.02.2015	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen ble gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova¹ blir overhaldt. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for avløp.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

¹ Lov om vern mot forurensninger og om avfall

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Sundre avløpsanlegg pliktar snarast mogleg å rette opp dei avvik som er beskrivne i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må Ål kommune innan 1. oktober 2019 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta. Om hovudplan avløp ikkje er vedteke politisk innan den tid ber vi om ei utgreiing om kva tid det skal bli vedteke.

Vi ber om at de stiler svarbrevet eller e-post (fmovpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Oslo og Viken v/Tonje Røland Brasetvik.

4. Vedtak om gebyr

Vi visar til varsel og informasjon om gebyrplikt som ble gjett til verksemda 19. juni 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontroll utført av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta². Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsett i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

Ut i frå Fylkesmannens faktiske og forventa ressursbruk skal Ål kommune betale eit gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Det vil sei gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Verksemda vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Vi viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 for meir informasjon om innkreving av gebyr til statskassa.

Klageadgang

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova³. Eventuell klage bør være skriftleg begrunna og adressert til Miljødirektoratet, men sendes via Fylkesmannen i Oslo og Viken. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Ei eventuell klage vil ikkje få oppsettande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tar klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Oslo og Viken (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda hadde manglar i sine styringsdokument

² Forskrift om begrensning av forurensninger

³ Lov om behandlingssåten i forvaltningssaker

Avvik frå:

Løyve etter forureiningslova⁴, punkt 2.4.1 og 3
Forureiningsforskrifta § 14-5
Internkontrollforskrifta ⁵ §5, andre ledd punkt 6

Kommentarar:

Verksemda har ikkje oppdatert hovudplan for avløp

Kommunen har ein hovudplan for avløp, men den vart vedtatt i 2004 og har ikkje blitt oppdatert sidan det. Ein revidert hovudplan er under utarbeiding, men har ikkje enno vore vedtatt politisk. Kommunen har saneringsplanar som oppdaterast jamleg, og tas med i avgjerdsgrunlaget for årlege politiske budsjettvedtak.

Kommunen har per i dag personar med god oversikt som driftar avløpsnett og reinseanlegg og som har oversikt over miljøressursane som kan bli påverka. Det manglar likevel ein skriftleg plan å styre etter. Ein plan skal vise mål, områdeprioriteringar, samanhengar mellom underliggende fagplanar og tiltaksprioriteringar innanfor dei mest sårbare områda.

Verksemda har ikkje gjennomført ei miljørisikovurdering

Verksemda skal gjennomføre ei risikovurdering og utarbeide ein tilhøyrande plan for gjennomføring av tiltak for å redusere risikotilhøva. Avløpsnettet og reinseanlegget skal, utan at det medfører urimeleg store kostnader; vere dimensjonert, bygd og bli drifta og halde ved like med utgangspunkt i den beste tilgjengelege teknologi og fagkunnskap. Det er også krav om at kommunen skal ha oversikt over dei miljøressursar som kan bli påverka av akutt ureining frå avløpsanlegget.

Ål kommune kunne ikkje under tilsynet leggje fram ei skriftleg miljørisikovurdering med tiltaksplan for Sundre avløpsanlegg.

7. Merknader

Ingen andre merknadar under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

I eigenkontrollrapporten for 2018 rapporterte Ål kommune at prøvar av BOF₅ og KOF_{CR} var teke som vekeblendeprøvar. BOF₅ og KOF_{CR} skal takast som døgnblendeprøvar, og Fylkesmannen påpekte dette i tilbakemelding 24. mai 2019. Fylkesmannen definerte det som eit alvorleg avvik ettersom det var eit gjentakande avvik, og varsla tvangsmulkt. Under tilsynet vart dette diskutert, og det vart oppklart at det truleg skuldast ei misforståing i samhald med registrering i Altinn. BOF₅ og KOF_{CR} blir tatt som døgnblendeprøvar. Fylkesmannen følgjer opp saka i eige brev.

⁴ 2014.0613.T

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

10. Informasjon til verksemda

Brosjyrer/infoark utdelt:

- Gebyr ved kontroll (TA-2608)
- Hefte: Kontroll med risiko gir gevinst